

REIDUN - GENSER

Eit strikkemønster laga av Reidun Trønnes for Leine Merino

GARN: Leine Merino 2-tråds.

PINNER: strømpepinner og rundpinner nr.2,5 og 3.

STRIKKEFASTHEIT: 22 m og 34 omg

mønsterstrikk = 10 x 10 cm.

STR: 6 (8) 10 (12) 14 (S) M (L).

GARNMENGDE: 400 (500) 600 (700) 700 (800)

800 (900) gram.

MØNSTER: 3 omg rett, 1 omg 1 r og 1 vr, 3 omg rett, 1 omg 1r og 1 vr o.s.v.

BOLEN:

Legg opp på p nr. 2,5: 180 (192) 204 (228) 240 (252) 270 (288) masker.

Strikk vrangbord 1r 1 vr: 4 (4) 5 (5) 6 (6) 6 (7) cm.

Skift til pinne nr. 3, auk til: 210 (226) 240 (252)

260 (266) 280 (294) masker. Strikk mønster til

arbeidet måler: 36 (36) 38 (38) 40 (54) 55 (57) cm, fell nå for hals midt

framme: 32 (34) 36 (38) 40 (48) 50 (52) m. Strikk fram og attende samtidig

som du feller 2m for halsringinga annankvar omg 2 gonger.

Fortset med mønsterstrikk til arbeidet måler: 40 (44) 47 (52) 56 (60) 62 (64)

cm. Fell da for hals bak dei midterste 38 (40) 42 (44) 46 (54) 56 (58) m. Strikk

fram og attende mellom halsutringingane 1 cm, men fell samtidig 1 m på kvar side

av halsen bak. Når arbeidet måler 41 (45) 48 (53) 57 (61) 63 (65) cm skal alle

maskene fellast av.

ERMER:

Legg opp på strømpepinner nr. 2,5: 36 (40) 44 (46) 48 (50) 52 (54) m. Strikk

vrangbord 1r 1vr: 4 (4) 5 (5) 6 (6) 6 (7) cm. Skift til pinne nr. 3, auk til: 42 (44)

48 (52) 56 (60) 64 (68) m. Strikk mønster og auk samtidig midt under ermet 2 m

kvar 3. omg til det er : 116 (122) 138 (150) 160 (162) 170 (180) m. Strikk 10 omg

rett til belegg. Fell av maskene når ermet måler: 35 (37) 41 (46) 47 (53) 52 (51)

cm. Strikk det andre ermet på same måten.

MONTERING:

Sy saman på skuldrane. Plukk opp m med p nr.2,5 i halsopninga (same maskeantal

som avfelte masker). Strikk 1 omg vrang (rillekant), deretter 8 omg rett til

belegg. Fell av, sy ned belegget. Sy og klypp opp for ermene, monter ermene, sy

ned belegga. Fest alle tråder, damp arbeidet lett.



Leine Merino